

FOR 2019-.....-..... nr. ....: Forskrift om start og landing med luftfartøy, og bruk av motorfartøy på vatn og vassdrag i Fyresdal Kommune, Telemark

### **§ 1.Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er ut frå eit samfunnsmessig heilskapssyn å regulere motorferdsle i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen.

### **§ 2.Virkeområde**

Forskrifta gjeld i heile Fyresdal kommune.

### **§3. Ferdsl med motorfartøy på vatn under 2 km<sup>2</sup>**

Ferdsl med motorfartøy er tillate på vatn under 2 km<sup>2</sup> for nødvendig transport i samband med næring, utøving av jakt, fangst, fiske og bærsanking, samt transport til hytte og utmarkseigedom.

### **§ 4. Avgrensing av motorstorleik**

Ferdsl med motorfartøy som har større motor enn 10 HK er forbode på vatn under 2 km<sup>2</sup>.

### **§ 5.Landing og start med luftfartøy**

Landing og start med luftfartøy er tillate på Fyresvatn og Skredevatn.

### **§ 6.Landing og start med luftfartøy etter søknad**

Kommunen kan etter søknad gje løyve til landing og start med luftfartøy i utmark utover det som er nemnt i denne forskriftas § 5. Det kan stillast vilkår ved slikt løyve.

### **§ 7. Motorisert ferdsl i verneområde**

Motorisert ferdsl til lands og på vatn innan kommunens verneområde er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy, om ikkje ana kjem fram av forskrift for det enkelte verneområde.

### **§ 8. Dispensasjon**

Om særlege grunnar føreligg kan rådmannen gje dispensasjon frå reglane i denne forskrift.

### **§ 9. Straffeansvar**

Brot på denne forskrifta vert straffa etter reglar i lov om motorferdsl i utmark.

### **§ 10. Ikraftsetjing og oppheving**

Forskrifta trer i kraft så snart den er kunngjort i Norsk Lovtidend. Frå same tidspunkt vert "Føresegner for Fyresdal Kommune til lov av 10. juni 1977 om motorferdsl i utmark og vassdrag" oppheva.